

Møtebok for Kyrkjeleg fellestråd i Kvam

Saksnummer: OSL/11/24
Innkallingsdato: 22. okt 2024
Møtedato: 6.nov 2024
Møtestad: Norheimsund kyrkje
Møtetid: 16.30 – 18.00

Medlemer tilstades på møtet: 9 Magne Kolstad
Astrid Lunestad
Kjell Dysvik
Margun Mikkelsen Tordal
Vetle Karlsen Eide
Ida Lindøe
Tor Håkon Berge
Lisbeth Henriksen
Astrid Helleve Fylkesnes

Varamedlemer tilstades: 0

Meldt forfall: 1 Arne Opsahl-Engen

Andre: Olav Skeie Lid, sekretær

Møteleiar: Margun Mikkelsen Tordal

Saker som vart drøfta: Sak 31/24 til og med sak 38/24

Ekstrasak: **38/24 Flaumljos kring kyrkjene**

31/24 Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereferat

Samrøystes vedtak: Sakliste, innkalling til dagens møte, samt møtebok for fellesrådsmøte 18.september vert godkjende. Til å skriva under møteboka for førre fellesrådsmøte vert valde: Astrid Lunestad og Magne Kolstad

32/24 Meldingar

Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd tek framlagde meldingar til vitande.

- Ny utlysing av sokneprest-stilling til Øystese og Ålvik ligg no ute på nettet. Paralelt med dei ordinære kanalar for slik kunngjering, har bispedømerådet valt å promotera stillinga på Post Social. Den som lever, får sjå. Det er femte gongs utlysing. Det kan vera aktuelt å lysa ut stillinga som «prest under utdanning» ved neste høve. I så fall lyt det gjerast eit vedtak i Ålvik og Øystese sokneråd om dette, saman med bispedømerådet.
- Prosessen med kyrkjerestaureringa i Strandebarm rullar og går. I skrivande stund er alle naudsynte godkjenningar og løyve på plass, både frå riksantikvar og frå biskop. Konsulentverksemda H2Hardanger, som er våre prosjektleiarar, legg i desse dagar siste hand på utlysing- og andbodspapira. Prosjektet er såpass stort at regelverket tilseier at me må ut på Doffin, den internasjonale plattform for slik anbudsrekning. Fellesrådet vil få avgjerd om tildeling av utførande entreprenør på sitt bord.
- Minnelunden i Øystese er no søkt byggeløyve om. Nye vedtekter for kyrkjegardane er no godkjende av statsforvaltaren, og vil leggja eit nytt grunnlag for drift og vedlikehald av gravplassane våre – no også inkludert minnelundar.
- I Norheimsund ventar me på ei avklaring omkring budsjettet frå Kvam herad, før dette arbeidet med namna minnelund kan halda fram også her. Vinteren vil uansett bli brukt til å klargjera området bak kyrkja, hogga skog, etc.
- Temperaturen i den enkelte kyrkjebygg vil verta senka – men innanfor det som både er ansvarleg i forhold til kyrkekunst og instrument, og også med tanke på komfort for dei som kjem.
- Kyrkjetenar i Ålvik, Aud Aga, har etter eige ynskje gått ned i 10% stilling, for å vera med på å bidra til sparing.
- Ute-avdelinga vår har fått ei lenge påtenkt investering: stemplingskasse. Denne er gull verd i samband med gravferder, og lettar arbeidet i stor grad under graving. Her gjeld det både HMS og tidssparing. Alternativet har vore dei gamle manuelle stemplingsmaterialane. Dei er fleksible og vil leva lenge endå som supplement – men stemplingskassen vil gjera kvardagen mykje lettare for våre gode karar i felten. Kassen kosta kr 35 000,- + mva.

33/24 Kyrkjeblad for Kvam

Samrøystes vedtak: Kyrkjeblad for Kvam held førebels fram i det formatet og den frekvensen bladet har i dag. Fellesrådet bed kyrkjeverje gjera ein framstøyt for å auka annonseinntektene i bladet, og arbeida vidare med ein samla kommunikasjons-strategi for kyrkja i ein større samanheng. Sokneråda vert oppmoda om å drøfta arbeidet med kyrkjeblad i sine respektive sokn, og koma attende til fellesrådet med innspel.

Kyrkjebladet og kommunikasjonsstrategi generelt er eit stadig tilbakevendande tema i stab. Dagens kyrkjeblad vert gjeve ut 4 gonger i året, har ei brei kontaktflate ut til alt folket, og gjev gåveinntekter frå veldig mange ulike hald. Bladet har lang «liggjetid» mange stader, og tilbakemeldingane på at bladet vert lese, er mange. Men det kjem også meldingar om irritasjon over at bladet dumpar ned i alle postkassar i Kvam, anten ein vil ha det eller ikkje.

Bladet er dyrt å produsera og ikkje minst distribuera. Mange kyrkjelydar går i desse dagar over til å vera digitale, og formidlar all kommunikasjon på nettet og ulike sosiale plattformer.

Slik var dei nakne tal for økonomien vår for 2023:

Utgifter:

Trykking og utsending: kr 210 000,-

Inntekter:

Annonser: kr 65 000,-

Gåver: kr 150 000,-

Totalt: **kr 5 000,-**

Annonser og gåver finansierer altså bladet sånn om lag, men redaktørarbeidet er gratisarbeid. Det kviler i dag på kyrkjeverja sitt bord, og har ein tendens til å verta salderingspost i det daglege arbeidet. Det har heller ikkje lukkast å finna ei oppegåande redaksjonsnemnd, sjølv om enkeltpersonar frå tid til annan bidreg med godt stoff, både frå stab og sokna elles.

Oppsummert:

Pluss med dagsens ordning:

- Me når alle i heile kommunen
- Gamle og sjuke får det handfast i fanget
- Lang liggetid på kontor og institusjonar
- Aktiverer gjevarteneste langt utanom kjerne-kyrkjelyden

På minussida:

- Svak redaksjonell organisering, ingen redaksjonsnemnd
- Redaktørarbeidet er ikkje finansiert
- Ofte salderingspost i ein travel kvardag
- Lang horisont, vanskeleg å fanga opp kva som skal skje 3-4 mnd fram i tid

- Irritasjon frå dei som får bladet og ikkje vil ha det

Alternativ til dagens blad:

- Nyhendebrev på mail ein gong i månaden til dei som melder seg på?
- Kun nettside?
- Trykkja i bladet i mindre omfang, berre leggja det ut i butikkar og i kyrkja?

Summa summarum: kyrkjevevja har landa på at dagens fysiske kyrkjeblad si breie kontaktflate veg tyngst i møte med denne digitale endringstida me lever. Inntil vidare tenkjer eg at bladet får ha den frekvens og det omfang det har i dag. Men det må vera eit mål å styrkja økonomien i bladet, slik at det ikkje vert ei bær, men tvert imot kan bidra til å styrkja økonomien til fellesrådet. Annonseida bør difor få eit kraftig løft – kyrkjevevjen må sendast ut på sals-turne for fleire annonser i bladet.

34/24 Økonomisk kvartalsrapport nr 3

Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd tek rapporten til vitande. Det førebelse resultatet på - 345 520,- så langt i år. Fellesrådet bed kyrkjevevje halda fram med innsparing, og gjera dei nødvendige tiltak for om mogeleg å koma i balanse med økonomien snøggast råd.

Resultatrapport og kommentarar til rekneskapsstatus ligg som eige vedlegg til innkallinga.

35/24 Val av fellesrådsleiar og nestleiar for 2025

Samrøystes vedtak: Kjell Dysvik vart vald som leiar for 2025, og Astrid Helleve Fylkesnes som nestleiar for same periode.

Det skal veljast fellesrådsleiar for 2025, og likeeins nestleiar for fellesrådet for same periode. Noverande fellesrådsleiar, Margun Mikkelsen Tordal, har signalisert at ho ikkje tek attval.

Saka vert fram utan tilråding.

36/24 Møtekalender våren 2025

Samrøystes vedtak: Fellesrådet vedtek fylgjande møtekalender for 2025:

- 8. januar (endeleg budsjett, vedlikehaldsplan etc)
- 12. mars (årsmelding, rekneskap)
- 14. mai (kvartalsrapport)

37/24 Vikariat for kateket og kyrkjetenar

Samrøystes vedtak: Kyrkjevevja får fullmakt til å tilsetja vikar for kateket Mampion Andriamandimby i hennar svangerskaps- og morspermisjon, for tidsrommet februar 2025 – desember 2025. Fellesrådet ynskjer at stillinga primært vert lyst ut som heil stilling, parallellt med at ein arbeider med andre måtar å løysa utfordringa på. Likeeins bed kyrkjevevja om fullmakt til å løysa dei kyrkjetenar-oppgåver som vert ståande ugjort i Franckie Andrianaivo sin farspermisjon, når den kjem på bordet våren 2026.

Vår gode kateket er i lukkelege omstende. Fellesrådet gratulerer! Kyrkjevevje ser for seg ulike løysingar: anten lysa ut eit 100% vikariat frå februar 2025 til desember 2025, eller løysa dette konfirmantåret me er inne i no, med litt fragmenterte og ulike løysingar i dei ulike sokn, - og så gå for ein fulltidstilsett frå sommaren av og ut året.

Arbeidet med finna gode erstatningar må ha prioritet, og kyrkjevevje bed altså om fullmakt til å vurdera dei ulike løysingane til ei kvar tid, gjerne i samarbeid med kateket Mampion og sokneprest i det aktuelle sokn.

Eit viktig punkt: kateket-tenesta vår har 100% lønstilskot frå bispedøme. Dette tilskotet fell bort, dersom me ikkje tilset nokon – ein eller fleire - i same prosentstilling som Mampion innehar. Det er såleis ikkje råd å tenkja dette som ei mogeleg innsparing for fellesrådet, diverre.

Når det gjeld Franckie Andrianaivo sin farspermisjon, er det naturleg å tenkja at dette kan løysast med å omfordela dei ressursar som finst i kyrkjetenar-gjengen, og supplera med litt innleigd vikar der det trengs. Her kan det fort verta ei innsparing for fellesrådet.

Ekstrasak: 38/24 Flaumljos kring kyrkjene

Samrøystes vedtak: Flaumljoset kring kyrkjene vert skrudd på att i alle sokn og i kring alle kyrkjer med det første. Sokneråda i Ålvik og Vikøy vert oppmoda om å samla inn pengar til å skifta til LED-lampar omkring Ålvik, Vikøy og Norheimsund kyrkje.

Det administrative vedtaket om å sløkkja flaumljoset kring kyrkjene har skapt ein del uro. Både i Øystese og i Norheimsund har det koma initiativ for å samla inn pengar til straumrekninga, og på sosiale media har det vore ein del trafikk omkring emnet.

Når no ein del av kostnaden med straumrekninga er betalt, ynskjer fellesrådet at alle kyrkjene vert handsama likt. Det er difor ynskjeleg at ljuset kjem på att, også fordi me har forsikring på kyrkjene der eit av vilkåra er nettopp flaumljos heile døgeret.

Det må likevel vera eit mål at alle flaumljoslampar er av typen LED, og sokneråda i dei kyrkjer som ikkje har slike, vert oppmoda om å prøva finansiera innkjøp av slike.